



Tove Haugland og Torfinn Olav Skår frå Seimsfoss svingar seg i Helgheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag klokka 19 bør det bli trengsel av danseglade i Helgheim. Då avviklast den første swingkvelden der og vertskapet ønskjer at det kjem folk i alle aldrar frå heile Kvinnherad. Ivar Kåre Døssland er optimist - han har fått positive reaksjonar frå fleire hald, opplysar han til uskedalen.no.

Det er han og kona Berit Harriet som har teke initiativet. Dei swing-glade er ikkje tvungne til å danse swing, dei vil også kunne variera med ein og annan tango.

Men det er swingdansen som fengar, trur Døssland-paret som tar med musikk på boks og kaffe hvis andre tar med biteti. Hvis dette tiltaket blir vellukka kan dei tenkja seg å legge opp til festar med levande musikk eitpar gongar i året.

No er det 4 år sidan det vart avvikla eit vellukka swingkurs med Arne Rød som instruktør i Helgheim. Det blir ikkje aktuelt med ein slik organisering denne gongen. No skal dansarane få utfalda seg fritt - og betala ein svært rimeleg sum for moroa.

Eit band som det heilt sikkert vil bli dansa etter i Helgheim på sundagskvelden

er Ingemars frå dei austlege delane av Hedmark og oppkalt etter vokalist og gitarist Terje Ingemar Larsson. Dei har vunne prisar av ymse slag, til dømes Spellemannprisen i 2008. Det året selde dei forresten til gull på ei veke med 'I Finnskogens rike'

Av Ola Matti Mathisen



Ingemars - selde til gull på ei veke.